



Trinity er svært populære blant dei danseglade.

**Det er knappe to veker til vårdansen i Helgheim. Laurdag 14.mars bør difor alle danse- og festglade markera av på kalendaren. Då vert det nemleg invitert til vårdans i eit nyoppussa Helgheim. At stemninga vil bli på topp, er garantert sidan det er det populære dansebandet Trinity som står for den gode og varierte dansemusikken. Festen har førehandspåmelding, er open for alle og arrangørane håpar både kvinnheringar og andre tar turen.**

Arrangementskomiteen lovar topp stemning i den koselege og nymalte festsalen.  
- Dansegolvet er både nyolja og raskt, legg dei til.  
Det vert vidare fortalt at i tillegg til dansen, vert det både kaffi, kaker og eit kjapt lotteri.

Arrangørane oppfordrar til å ta med gode vener, godt humør, (og kanskje ein liten på lomma sidan det vert eit slutta lag).  
Det er bindande påmelding innan 7.mars til Ragna Volden(938 55 077) eller Berit Harriet Døssland(913 07 384).  
Betaling skjer med kontantar ved inngang, og det kostar 200 kroner pr. person.

Dørene opnar kl.20, og med den gode musikken frå Trinity er nok dansen raskt i gang.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Trinity